

Det kongelige kunnskapsdepartement (KD)

Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/10470-2

Vår dato:
05.12.17

Høring - endring i universitets- og høgskoleloven. Oppfølging av Kvalitetsmeldinga.

Me viser til brev frå Kunnskapsdepartementet 26. september 2017

Høgskulen på Vestlandet er nøgd med at Stortingsmelding 16 (2016-17) «Kvalitetsmeldinga» blir følgd opp med nødvendige lovendringar. Langt på veg er me samde i framlegg til endringar. Nedanfor kommenterer me kort det me vurderer som dei viktigaste punkta i lovframlegget sett frå HVL sin synsstad.

§ 3-6 Krav for opptak til høgre utdanning

HVL er nøgd med den relativt oversiktlege og einsarta situasjonen som har vore i norsk høgre utdanning sidan lov- og regelverk knytt til studentopptak for uh-institusjonane vart samordna og det nasjonale samordna opptaket til grunnutdanningar vart innført på 1990-talet. Dette har gitt ein ryddig, oversiktlege og føreseieleg situasjon både for utdanningssøkjande, rådgjevarar og for oss som arbeider i sektoren. Det har også medført eit rasjonelt og effektivt studentopptak med store økonomiske innsparingar jamført med situasjonen før samordninga og etableringa av Samordna Opptak (SO).

HVL meiner det er utfordrande for sektoren dersom det vert ulike opptakskrav til like utdanningar, avhengig av kva kvar institusjon ynskjer å leggja inn som tilleggskrav til generell studiekompetanse. For studiesøklarar og rådgjevarar i vidaregåande skule vil dette gjera studietilbodet meir uoversiktlege, og det gjer rettleiing av unge studiesøklarar meir komplisert. Det er og usikkert kva effekt slike tilleggskrav vil kunne gje når det allereie er konkurranse om mange av studieplassane.

HVL er i denne situasjonen oppteken av at fullmakta til å innføra særskilde opptakskrav er avgrensa til krav som er strengare enn det som går fram av gjeldane uh-lov og opptaksforskrift. Me er også svært opptekne av at nye krav skal gjerast kjent i god tid, særleg med tanke på dei utdanningssøkjande, som for mange sin del med dette må gjera særskilde fagval på eit svært tidleg tidspunkt i livet. Varsling to år før iverksetjing må vera eit minimum. Når det gjeld kravet om samordning med tilnærma like utdanningsprogram, er me skeptiske til om dette vil fungera på ein god måte.

§ 3-9 Eksamen og sensur

(2) Innføring av krav om sensorrettleiing har vore drøfta i mange samanhengar og varsla sist i Kvalitetsmeldinga. På bakgrunn av røynsler i arbeidet med å sikra kvalitet i utdanningsprogramma, og ikkje minst på bakgrunn av saker om stort sprik i sensorvedtak mellom sensorar, meiner HVL at lovendringa her er eit konstruktivt og nødvendig tiltak. Obligatorisk sensorrettleiing vil stilla nye krav til institusjonar og fagmiljø,

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
55585800
Internett
<http://www.hvl.no>
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
HiSF Seksjon for
utdanning

Sakshandsamar
Terje Erik Bjelle
Telefon:

men med tanke på å sikra utdanningskvalitet og å inngi tillit både hjå studentar og samfunnet elles, er dette nødvendige investeringar.

§§ 4-15, 4-16 og 7-8 om innhenting, behandling og rapportering av personopplysningar

HVL er nøgd med at det no kjem lovheimlar som regulerer innhenting og handsaming av personopplysningar både i Samordna Opptak og Felles Studentsystem og som sikrar at dette skjer på ein måte som sikrar at krava til personvern vert ivaretekne. Dette gjeld også i forhold til rapportering til Database for statistikk om høgre utdanning.

Så vidt me kan sjå er roller og ansvar i dette arbeidet greitt definerte, og dei fleste omsyn av personvernkarakter er ivaretekne i lovframlegget.

§ 5-3 Klage over karakterfastsetting – rett til begrunnelse

(2) HVL stør framlegget om at institusjonen avgjer om grunngeving skal gjevast munnleg eller skriftleg. Me har røynsler for at dette er ei god ordning.

(4) HVL er samd i at rettstryggleiken til studentane vert best ivareteken ved å opna for individuell klagerett ved gruppeeksamen. Men det er viktig at dette er kombinert med ein individuell rett til **ikkje** å klaga, og at eventuell ny karakter berre gjeld den eller dei som har klaga.

(6) På bakgrunn av fleire saker om vesentlege karakteravvik frå førstegangssensur til klagesensur, er HVL samd i at det er behov for tiltak frå institusjonane si side. Dette handlar som nemnt om tillit til kvalitet og kompetanse i høgre utdanning. Etter vår vurdering er framlegget til formulering i § 5-3 (6) tilfredsstillande. Det pålegg institusjonane å reagere når avviket er på to eller fleire karakterar, og det må sjølvstundt vera slik at det skal reagerast både når ny karakter er dårlegare og betre enn den første. Samstundes gir det institusjonen høve til sjølv å avgjera korleis det skal reagerast, om det skal skje ved å nemna opp nye sakkunnige, om dei opphavelige sensorane frå første og andre sensurrunde skal drøfta sensurvedtaket saman eller anna. Me er også samde i at ved vurdering av om sensurvedtaket skal gjerast om, må all dokumentasjon i saka vera tilgjengeleg.

HVL meiner denne lovendringa, saman med pålegget om sensorrettleiing og institusjonane sine tiltak elles kring sensur og opplæring av sensorar, bør kunne vera gode bidrag til å heva kvaliteten i sensurarbeidet.

Med helsing

Björg Kristin Selvik

Prorektor for utdanning

Terje Erik Bjelle

Viserektor for utdanning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen handskrevne signaturar.